

Vi vil ikkje bruke fritida vår på å køre buss!

Politikarane på innlandet fylkesting har bestemt seg for å leggje ned fleire skular, grunna det minkande elevtalet som fører til at fylkeskommunen får mindre pengar frå staten. Blant desse skulane er min skule, Nord-Gudbrandsdal vgs, avdeling Lom. Ser vi på



dette kartet, kan ein sjå at det berre vidaregåande skular som ligg i utkantane av fylket som er foreslått nedlagt. Kva har dette å seie for elevane og lokalsamfunna det gjeld?

«Ungt utenforskap er en økende utfordring. Det å ha fullført videregående opplæring har stor betydning for å sikre varig fotfeste i arbeidslivet. Hvordan bør den videregående skole- og tilbudsstrukturen utformes for å sikre at flere fullfører videregående opplæring?»(Innlandet fylkeskommune, 2024) er eit av spørsmåla fylkespolitikarane vil vi skal svare på. Skal dei vidaregåande skulane som ligg i utkantane leggjast ned, gjev dykk ungdommen veldig lang reiseveg til skulen. Vil ein ikkje pendle, grunna den lange reisa, må ein bu på hybel. På grunn av mange timer reiseveg fram og attende blir mange naude til å fløta frå heimane sine. Dykk tvingar rett og slett sårbare ungdom, i den viktigaste tida av livet deira, til å fløta heimanfrå! Dette vil vera eit stort tap for dei fleste, med tanke på hjelp, motivasjon og oppfylging av skullearbeid. Dette gjeld aller mest dei «svakaste» på skulen, men, av eiga erfaring, gjeld det resten også. For det første er ein ikkje i ein alder av 16 år alltid klar for å ta ansvar sjølv, og treng som oftast litt pushing og hjelp frå dei heime for å gjer skullearbeid. Antakeleg vil karakterane til elevane bli därlegare, som igjen vil føre til tap av motivasjon. Tap av motivasjon fører til at fleir elevar vel burt å gå på skulen, til og med at nokre droppar ut. Heile poenget med å leggje ned skulane var å spare pengar, men informasjon frå NRK viser at éin elev som droppar ut, og blir av denne grunn trygda, vil koste samfunnet rundt 15 millionar kroner i.(NRK Innlandet, 2024) Så

dette vil ikkje lønne seg økonomisk heller. Å leggje ned skulane i utkanten er derfor ikkje svaret på spørsmålet dykkar, det bidreg til det stikk motsette.

Som eg har nemnt tidlegare veit eg kor hjelsame dei heime er når det gjeld skullearbeid. Sjølv veit eg rett og slett ikkje korleis det hadde gått med meg utan all den hjelpa. Det er ikkje berre skulerelatert arbeid vi får hjelp til, men også kvardagsting som å vaske klede og å lage mat. I ein alder av 16 år klarar ikkje alle å vaske klede, halde det ryddig rundt seg, og ikkje minst, lage sunn mat. Det er heller ikkje meiningsa at absolutt alle skal klare det. Så det at dykk tvingar ungdom til å bruke fritida si på husarbeid og matlaging, stel verdifull tid som burde vore brukt på skullearbeid eller fritidsaktivitetar, er heilt idiotisk. Derimot er det ikkje berre oss elevar som treng hjelp heimanfrå. Dei heime treng også hjelpa vår. Arbeidet ungdommane gjer rundt kring er gull for heimbygdene! For å bruke meg sjølv som eksempel har eg den siste veka hjelpt samdrifta med å finne ei bortgått kvige i fjellet, eg har plukka potet hjå ein nabo, dømt mindreårige fotballkampar og hjelpt til i grisefjøset heime. Dette er berre meg. Tenk på alt dei andre ungdommane har bidrege med også. Jobbane ungdommane gjer er kjempe viktige for samfunnet vårt. Kven skal erstatte oss?

No om dagen er det stadig prat om miljøet, men er det miljøvennleg å leggje ned skulane våre? For det fyrste vil det vera ei stor auke i folk som skal fraktast fram og attende kvar dag. For det andre skal ungdom med spesielle behov fraktast fram og attende også. For dei har verken moglegheit til å bu på hybel eller ta kollektiv transport som oss andre. «Hvordan kan fylkeskommunen best ivareta elevgrupper med særskilte behov i framtidig struktur?»(Innlandet fylkeskommune, 2024) er eit anna spørsmål som fylkespolitikarane stiller. Å få vidaregåande elevar med spesielle behov til å sitja mange timer i taxi om dagen er ikkje løysinga. Dei treng det stikk motsette. Å vera sosiale og føle seg inkludert. Dette vil seie at nokre av desse ungdommane treng taxi til og frå skulen kvar dag. Det har dei antakeleg no og, men forskjellen blir at om vidaregåande skular i distrikta forsvinn må dei køyra opptil 2 timer kvar veg. Dette er verken haldbart for den enkelte elev eller særleg bra for miljøet.

Å leggje ned dei vidaregåande skulane i distrikta verkar lite gjennomtenkt når ungdommen blir tvinga til å fløta på hybel eller bruke store delar av fritida på å køyra buss. Eg ser ikkje ein einaste fordel ved å leggje ned små vidaregåande skular. Det er ikkje slik at desto større skuler er desto betre er læringsmiljøet og det sosiale miljøet. Oppsummert vil detta vera eit veldig stort tap for oss elevar, lokalmiljøet og ikkje minst samfunnet.

Referansar

Holen, W. I. (2024, august 28). *Innlandet fylkeskommune*. Hentet fra Fakta om ny skole- og tilbudsstruktur: <https://innlandetfylke.no/tjenester/skole-og-utdanning/opplaring-i-skole/vare-skoler/ny-skole-og-tilbudsstruktur/fakta-om-ny-skole-og-tilbudsstruktur/>

Nordum, I. A. (2024, august 30). *NRK Innlandet*. Hentet fra Flere ungdommer enn noen gang havner utenfor jobb og utdanning: <https://www.nrk.no/innlandet/stadig-flere-ungdommer-faller-utenfor-det-er-bade-dyrt-og-skaper-sosial-problemer-1.16788318>

Eldri Marie Galde Tråstad, elev ved Nord-Gudbrandsdalen vgs, avdeling Lom